
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 15.09.2020
Tidsramme: kl 10:30-14:10
Sted: Storhornet, adm.-bygget, Ålesund sjukehus
Saksnr.: 64/20 - 77/20
Arkivsak: 2020/76

Møteleiar:

Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:

Lodve Solholm
Toril Forbord
Gerd Marit Langøy
Bjarne Storset
Anette Lekve
Hilde Furnes Johannessen
Renate Kleive (vara for Sigurd Torvik Heian)

Frå brukarutvalet møte:

Paula Næss Skår
Ann Helene Skare

Forfall:

Sigurd Torvik Heian

Frå administrasjonen møte:

Administrerande direktør Øyvind Bakke
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møtet med å ønske velkommen til styremøtet. Det har i forkant av styremøtet vært eit møte på Skype med Helse- og omsorgskomiteen ved Stortinget, kor administrerande direktør Øyvind Bakke haldt ein utmerka presentasjon av helseføretaket.

Sak 64/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 65/20 Orientering frå administrerende direktør

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Heiltidsprosjekt
- Hurtigtest covid-19 i Kr.sund
- Foreslår nytt namn på DMS Kristiansund
- Helseplattformen
- Fødetilbodet i Nordmøre og Romsdal – alternerande drift og følgjeteneste

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringane til vitende.

Sak 66/20 Orienteringssak – SNR

Styret fekk ein presentasjon av status prosjekt SNR av leiar i prosjektstyret, Johan Arnt Vatnan.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om SNR til vitende.

Sak 67/20 Orienteringssak – Samhandlingsavtale under revisjon

Styret fekk ein presentasjon av status på arbeidet med reforhandling av samhandlingsavtalen og framdriftsplan. Eit utkast er no ute på høyring med høyringsfrist 26. oktober 2020, med mål om signering ultimo 2020, med gyldig avtale gjeldande frå 1.1.2021.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om revisjon av samhandlingsavtalen til vitende.

Sak 68/20 Orienteringssak – justering av representantar i brukarutvalet HMR**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om innsetting av to nye vara i brukarutvalet HMR til vitende.

Sak 69/20 Referatsaker (utan saksframlegg)

- Protokoll HMN RHF 18.06.2020
- Protokoll HMN RHF 01.09.2020
- Protokoll AMU 14.09.2020 (sendt 14.09.2020)
- Protokoll Brukerutvalget 14.09.2020 (sendt 14.09.2020)
- Protokoll føretaksmøte 19.06.2020

Sak 70/20 Statusrapport juni og juli 2020 – kvalitet, økonomi, aktivitet, Gylne Regel

Styret fekk presentert status for ventetider og fristbrot av fagdirektør Torstein Hole, tiltak og status Knytt til barne- og ungdomspsykiatrien og vaksenpsykiatrien av Janita Skogeng og Ståle Hoff. Vidare presenterte økonomidirektør Heidi Nilsen status for økonomi og HR. Tala frå august er ikkje ferdigstilt i rapport, men blei presentert munnleg i møtet.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapport for juni og juli 2020 til vitende.

Sak 71/20 Investeringsprosjekt – prioritering av sysselsettingsmidlar

Styret fekk ein presentasjon av økonomidirektør Heidi Nilsen.

Vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal slutter seg til dei prioriteringane som er gjort i høve til bruk av sysselsettingsmidlar/investeringsmidlar/sal av eigedom slik dei er skissert i saka.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner oppstart av ombygging av Habiliteringsbygget innanfor ei total kostnadsramme på 40 mill. kroner.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner oppstart av prosjektet Akuttmottak og poliklinikkareal i Volda innanfor ei total kostnadsramme på 45 mill. kroner.

Sak 72/20 Revidert Topp 10 risiko i Helse Møre og Romsdal

Styret fekk ein presentasjon av fagdirektør Torstein Hole om revidert risikovurdering i Helse Møre og Romsdal.

Vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagt risikobilete til vitende.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal ber adm.dir. følge opp risikobilete med risikoreduserande tiltak og ha fokus på løypande risikohandtering.

Sak 73/20 Oppfølging av styret sine vedtak 1. halvår 2020

Styret fekk ein gjennomgang av dei vedtaka som har status «under behandling».

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tar oppfølging av styret sine vedtak 1. halvår 2020 til orientering.

Sak 74/20 Møteplan 2021 – for styret i Helse Møre og Romsdal HF**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek følgjande møteplan for 2021.

Onsdag 27. januar - Kristiansund
Onsdag 3. mars - Volda
Onsdag 24. mars - Ålesund
Onsdag 19. mai - Ålesund
Onsdag 16. juni - Ålesund
Onsdag 25. august - Molde
Onsdag 22. september - Ålesund
Onsdag 3. november - Ålesund
Onsdag 8. desember - Ålesund
2. Styreseminar vert førebels sett opp 25. mars og 4. november.
3. Administrasjonen får fullmakt til å endre møtestad ved behov.

Sak 75/20 Oppnemning av valstyre for val av tilsettrepresentantar til styret HMR**Forslag til vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF oppnemner følgjande til valstyret for val av tilsettere representantar til styret:

- Frå Norsk Sykepleierforbund Arild Solbakken Hevrøy
- Frå Den norske Legeforening Vebjørn Vik
- Frå Fagforbundet Jan Arve Antonsen
- Representant for leiinga Ketil Hjelset
- Representant for leiinga Frank Malme

Administrasjonen skal ha ansvar for sekretariatfunksjonen.

Følgjande vedtak blei fatta:

Styret ber administrasjonen vurdere lovlegheita med tanke på samansettinga av kjønn i det føreslåtte vedtaket.

Styret ber administrasjonen kome med eit nytt forslag til samansetting seinast til neste styremøte i oktober.

Sak 76/20 Orienteringssak – sakliste neste styremøte

Styret får presentert utkast sakliste til styremøtet 14.10.2020 til orientering.
Ingen vedtak.

Sak 77/20 Godkjenning av protokoll 7/2020 – styremøte 15.09.2020**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 15.09.2020.

Ingve Theodorsen
styreleiar

Lodve Solholm
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Renate Kleive

Hilde Furnes Johannessen